

Prosjekt – Samarbeid om etablering av ambulante team og ØHD senger innan psykisk helse og rus - 2016 – 2018.

**Referat
Styringsgruppe**

Møte 310817 kl 1300-1430 på Kjelstraumen Vertshus.

Saksliste;

1. Endring i samansetning arbeidsgruppa.

Rune Mjanger (psykiater no psykoseteamet) går inn i arbeidsgruppa. Rune Mjanger vil då sitje i både arbeidsgruppa og i styringsgruppa. Styringsgruppa har ingen innvendingar til dette.

2. Status prosess samarbeidsteam og plan vidare.

Arbeidsgruppa legg frem prosessen for vidare jobbing med del 2 fact team / samarbeidsteam.

- Arbeider vidare med å produserer søknad om midlar for å etablere eit Fact team i Nordhordland.
- Arbeidsutval (Rune Mjanger og Petter Lingjerde) jobbar no med å hente inn datagrunnlag til søknad.
- Enkel kartlegging av volume mogelege kandidater til Fact team er gjennomført .

| | Fact team kandidater | Av desse DPS i dag | Andre med DPS kontakt |
|-------------------|-----------------------------|---------------------------|------------------------------|
| Austrheim | 9 | 4 | |
| Fedje | 3 el 4 | 0 | 1 |
| Masfjorden | 5 | 3 | |
| Modalen | 3 | 0 | |
| Gulen | 9 | ? Førde | |
| Meland | ca 15-20 | ca 10-15 | |
| Radøy | 16 | 8 | 4 (AFR/LAR 5) |
| Lindås | 20-25 | 12 | |
| SUM | ca 90 | ca 40 | |

- Arbeidsgruppa går gjennom skisse frå arbeidsutvalet på møte 290917 og jobbar vidare mot framlegg til styringsgruppa 201017. Om prosessen for slik søknad vert som den har vore dei siste åra, vert frist for innsending av søknad 010218.
- Prosjektleiar og helsekoordinator sikrar at formaliteter rundt godkjenning og underskrift vert korrekt mellom dei samarbeidande kommunane og dps.

Det vert stilt spørsmål ift korleis tenestene skal utmålast / vedtakast til brukarar av teamet. Ein gjennomgår kort arbeidsmåte for Fact team og informerer elles om at det er mange detaljer som det må jobbast med i denne prosessen både før og etter ein eventuell tildeling. Men ein tek med seg at kommunane vil vere oppteken av ressursfordeling og ressursbruk ift sine brukarar.

Styringsgruppe godkjenner framdriftsplanen.

3. BrukarPlan

Det vert informert om BrukarPlan, om behovet for dette i vår region og om kurs som Fylkesmannen i Hordaland / KorrusVest skal ha 031017. Nokre kommunar har allereide klarlagt dette og meldt folk på kurs. Alle kommunane er samd i at ein må gå for dette.

4. Møteplan vidare

- Styringsgruppe 201017

5. Eventuelt

- Det vert kort informert av Anne Hildegunn Færøy, om avtalearbeidet ift ØHD. Endring av tenesteavtale og særavtale. Arbeidet er i gang og dei vert godkjenning over nyttår. Dette er eit parallellarbeid for heile Helse Bergen sitt område.
- Spørsmål ift Osterøy sin tilknytning til Dps. Osterøy har poliklinikktilbod frå Tertnes, mens resten av Nordhordland har dette tilbodet frå Knarvik. Heile regionen har døgntilbod frå Tertnes og ØHD frå Nordhordland Legevakt. Spørsmål om Osterøy sitt samarbeid med Dps, vert det jobba vidare med. Dps tek initiativ til avklaring av dette.
- Elles er det litt interne endringer i administrasjon av Dps. Dette vert set i verk no i haust og ein vil få litt informasjon om dette på Dps råd 150917.

Hosteland, 010917

Dag H.